

Forslag til ny forskrift om gebyr til Post- og teletilsynet - 2014

1. Innleiing

Samferdselsdepartementet fremjar hermed forslag til ny forskrift om gebyr til Post- og teletilsynet (PT). Den nye forskrifta skal erstatte gjeldande forskrift av 21. februar 2005 nr. 168 om gebyr til Post- og teletilsynet.

Post- og teletilsynet er sjølvfinansiert, og krev inn brukargebyr med rettsgrunnlag i forskrifta om gebyr. Stortinget vedtek årleg kor mykje PT skal krevje inn i gebyr det komande året. Det fastsette beløpet skal krevjast inn frå dei som har plikt til å betale gebyr etter lov og forskrift. Gebyrutrekninga går ut på å fordele kostnadene til PT forholdsmessig mellom dei som skal betale gebyr. Enkelte gebyr er utrekna som faste kronebeløp, medan andre vert rekna ut på grunnlag av føresetnader som er bestemt i forskrifta, eller variable gebyr som blir bestemt ved enkeltvedtak. Kva enkeltbeløp ein foreslår å endre, kjem fram av det vedlagde forslaget til forskrift om gebyr til Post- og teletilsynet. Gebyrbeløpet avheng av ressursbruken til PT innanfor det enkelte tilsynsområdet, budsjettvedtaket til Stortinget, og talet på aktørar.

Ettersom tilsynet har endra ressursbruken på dei ulike gebyrområda sidan sist gebyrforskrifta vart revidert, er det no naudsynt å gjere endringar i gebyra. Dette gjeld både endringar i gebyrfordelinga mellom forvaltningsområda og i dei enskilte gebyrsatsane.

Det er dessutan behov for å forenkle og klargjere kven som er gebyrpliktig etter regelverket, auke effektiviteten i arbeidet som PT gjer med å administrere gebyrordninga, og få betre samanheng og konsistens i forskrifta.

Den viktigaste endringa som vert foreslått, er å oppheve gebyrplikta for registrerte radioforhandlarar og registrerte leverandørar av radio- og terminalutstyr. Det vert fremja forslag om at gebyra ein i dag krev inn av registrerte radioforhandlarar og registrerte leverandørar av radio- og terminalutstyr etter gjeldande forskrift § 16, skal fordelast på subjekt som betalar gebyr for frekvensløyve, og på tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett og -teneste. Gebyrplikta vert dermed foreslått flytta frå tilsynsobjektet og til aktørane som nyt godt av arbeidet med utstyrsreguleringa. Dette vil gje ei meir føremålstenleg og effektiv gebyrordning.

I samband med forenklinga av forskrifta vert det innført fleire faste gebyrsatsar. Dette inneber både at gebyrsatsane vert lettare tilgjengelege for brukarane, og at PT må gjere hyppigare vurderingar av om det er behov for å justere satsane.

I tillegg vert det foreslått ei rekkje redaksjonelle endringar i kapittelinnndelinga og rekkjefølgja av fråsegnene. Grunna dei omfattande endringane foreslår departementet å vedta fråsegnene i ei ny forskrift i staden for å gjere endringar i gjeldande forskrift. Dette notatet gir eit oversyn over dei viktigaste endringsforslaga.

2. Merknader til kapittel I

2.1 Til § 1 – gebyrfordeling

Forslaget til ny forskrift om gebyr til PT delar den gjeldande forskrifta inn i fire «forvaltningsområde». Den viktigaste endringa som vert foreslått, er å oppheve gebyrplikta for registrerte radioforhandlarar og registrerte leverandørar av radio- og terminalutstyr. Som konsekvens av dette foreslår ein å fjerne forvaltningsområde 3 (noverande 8 %), og la resten av gebyrområda under 3 bli plassert inn under forvaltningsområde 1 og 2.

Med dette forslaget vert forvaltningsområde 1 auka frå 49 til 56 %. Den samla ressursbruken som PT har for forvaltningsområde 2, vert dermed i røynda redusert. I og med at denne nedgangen vert balansert av at forvaltningsområde tre vert fjerna og delvis lagt til i forvaltningsområde 2, blir det ikkje foreslått å setje ned prosentsatsen.

Ressursbruken som PT har på postområdet har gått opp frå 2 til 3 %. Samferdselsdepartementet foreslår difor å auke prosentsatsen for dette forvaltningsområdet tilsvarande.

2.2 Til § 1 andre ledd nr 1 – gebyr for tilhøyrande fasilitetar

Det er per i dag ikkje lagt opp slik at tilsynet krev inn gebyr berre fordi nokon tilbyr ein tilhøyrande fasilitet. Tilvisinga til tilbydarar av tilhøyrande fasilitet vert difor foreslått fjerna. Sjå det vedlagde forslaget til ny forskrift § 1 andre ledd nr. 1 og § 11 første ledd. Sjå også meir om dette i punkt 3.6.1.

3. Merknader til kapittel II

3.1 Til § 3 – gebyr for løyve til bruk av nummer, namn og adresseressursar

Det vert foreslått å redusere fleire av gebyra for løyve til bruk av nummer, namn og adresseressursar i § 3 i forhold til gjeldande forskrift. Trass i at volumet har auka kraftig sidan sist gebyrforskrifta vart revidert, er ressursbruken tilnærma uendra. Målet med reduksjonen er soleis å tilpasse storleiken på gebyra ut frå ressursbruken.

Ei tilsvarande endring i bruk gjeld òg for 5-sifra nummer. Gebyret for bruk av femsifra nummer vert foreslått redusert frå kr 3300 til kr 2000 per nummer. Dei samla gebyra knytt til administrering av ordninga med 5-sifra nummerforvaltning blir dermed redusert frå 3,9 mill. kr til 2,4 mill. kr. Dette er i tråd med kostnadene som PT har med å administrere desse nummera.

Avgift for løyve til bruk av 5-sifra nummer følgjer av forskrift om nummerressursar for elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester (nummerforskrifta). Det er ikkje foreslått å gjere endringar i denne forskrifta.

3.2 Til § 5 og 6 – sertifikatutferdarar og verksemder som deler ut domenenamn

I gjeldande § 5 er det vedteke gebyr for sertifikatutferdarar og verksemder som deler ut domenenamn. Det vert foreslått å dele denne fråsegna i to, slik at ein får éi fråsegn i § 5 som gjeld gebyr for sertifikatutferdarar, og éi fråsegn i § 6 som gjeld gebyr for verksemder som deler ut domenenamn. Ettersom dei ulike gebyrsubjekta er knytte til vidt forskjellige fagområde, vil ei slik deling vere føremålstenleg ved å tydeleggjere gebyra for begge områda.

Det vert foreslått å fjerne heimeltilvisinga til ekomlova § 12-1 i ledd to i gjeldande fråsegn. Ekomlova § 12-1 gir heimel til å påleggje gebyr for alle forvaltningsoppgåver som fell inn under ekomlova, og tilvisinga til § 12-1 er soleis overflødig.

3.3 Til § 7 – gebyr om aeromobilt utstyr

Gebyra for aeromobilt utstyr i gjeldande § 14 representerer norsk regulering på område der Noreg har inngått avtalar med internasjonale organisasjonar som til dømes International Telecommunication Union (ITU), Cospas Sarsat og International Civil Aviation Organization (ICAO). Fråsegna om gebyr for aeromobilt utstyr vert foreslått flytta til § 7, blant anna fordi kapittel IV går ut.

Trass i at det har vore ei viss auke i talet på søknader om løyve for aeromobilt utstyr sidan sist gebyrforskrifta vart revidert, er ressursbruken til PT tilnærma uendra. Det vert difor foreslått å redusere dei ulike gebyra for aeromobilt utstyr, slik at storleiken på gebyra står i forhold til ressursbruken.

3.4 Til § 8 – gebyr for løyve for personleg nødpeilesendar

Det årlege gebyret for personlege nødpeilesendarar i § 8 vert foreslått redusert frå kr 600 til kr 330. Trass i at volumet for bruk av nødpeilesendarar har auka kraftig sidan sist gebyrforskrifta vart revidert, er ressursbruken tilnærma uendra. Målet med reduksjonen er soleis å tilpasse storleiken på gebyra ut frå ressursbruken.

3.5 Omfordeling av gebyr for registrerte leverandørar og radioforhandlarar

I gjeldande § 16 er det vedteke gebyr for registrerte leverandørar og radioforhandlarar. Det vert foreslått å oppheve innkrevjinga av gebyr frå desse subjekta. Som ein konsekvens av dette foreslår ein at gebyra som i dag vert heimla i § 16, blir fordelte på subjekt som betalar gebyr for frekvensløyve i forskrifta kapittel III og som tilbydarar (gjeldande § 6 og ny § 11) i kapittel II. I tillegg foreslår ein at resten av fråsegnene i gjeldande kapittel IV vert flytta til kapittel II.

I forskrift 15. mars 2002 nr. 276 om registrering og krav til innførsel og omsetning av radio-, teleterminal- og nettutstyr vert det stilt krav om registrering av leverandørar og radioforhandlarar. Forskrifta gir dessutan registrerte leverandørar og radioforhandlarar tilgang til å innføre utstyr som ikkje har utstyrløyve, og utstyr som ikkje tilfredsstiller gjeldande krav i spesifiserte utstyrsforskrifter. Registreringsordninga for leverandørar og radioforhandlarar,

som er grunnlaget for innkrevjing av gebyr etter gjeldande § 16, er ikkje lenger føremålstenleg.

Den teknologiske utviklinga gjer at ein etter kvart finn radioutstyr i særskilde mange produktkategoriar ein tradisjonelt sett ikkje assosierer med radioutstyr. Døme på dette er bubilar med startspærre, identitetsbrikker i sko og kvite- og brunevarer. Dermed er det særskilde mange marknadsaktørar som fell inn under verkeområdet for registreringsforskrifta med påfølgjande registrerings- og gebyrplikt. Det vert sett på som lite føremålstenleg at alle aktørar som sel slike produkt registrerer seg hos PT. I tillegg ser ein at mange aktørar let vere å registrere seg, og det er vanskeleg for PT å følgje med i ein stadig større og meir dynamisk marknad. Utviklinga i marknaden gjer at Samferdselsdepartementet ser det som vanskeleg og lite føremålstenleg å oppretthalde registreringsordninga.

Gebyret er per i dag 7 000 kroner for leverandørar og 1 500 kroner for radioforhandlarar. Mange av aktørane opererer med små volum og fortenestemargar, og er i konkurranse med utanlandske aktørar på netthandel. Det er grunn til å tru at gebyret på 1500 og 7000 kroner er konkurransevridande. Samla sett vert det konkludert med at gebyret for registrerte leverandørar og radioforhandlarar av radio- og teleterminalutstyr ikkje lenger er ei føremålstenleg løysing for å finansiere tilsynet med og reguleringa av utstyrsmarknaden.

Ansaret som PT har for regelverk knytt til utstyrsmarknaden inkluderer ansvar for vedlikehald av forskrifter som femner om heile radio- og teleterminaldirektivet i tillegg til delar av EMC-direktivet, lågspenningsdirektivet og maritimt skipsutstyrsdirektiv. På regelverksområdet omfattar dette deltaking i relevante EØS-fora. Regelverket vert i tillegg koordinert med andre etatar som har eit generelt ansvar på området (særleg Sjøfartsdirektoratet og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap). Dei relevante EØS-prosessane og den generelle kompetansen på produktreguleringa vert òg følgt opp gjennom kontakt med Samferdselsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet. Tekniske standardar er ein del av regelverket, og utviklinga av desse vert følgt opp i nokre av dei mest relevante standardiseringsgruppene innanfor europeisk og global standardisering. Dette ansvaret inneber også alminneleg rettleiingsplikt. I tillegg er det mange som tek kontakt med PT om regelverket.

Gebyret er også med på å finansiere arbeidet med å sikre at marknaden oppfyller krava som er sette. Dette inneber informasjon og tilsyn i form av marknadskontakt og kontrollar. Når det gjeld kontrollverksemda, er kartlegginga av marknadstilhøva avgjerande for kva tiltak ein vel å setje i verk.

Ved å fordele dagens § 16-gebyr på subjekta under gjeldande § 6 og kapittel III vert gebyrplikta flytta frå tilsynsobjektet og til aktørane som nyt godt av arbeidet med utstyrsreguleringa. Samferdselsdepartementet meiner at dette ligg innanfor handlingsrommet PT har for å påleggje gebyr, jf. blant anna rundskriv R-112/2006 Retningslinjer for gebyr- og avgiftsfinansiering av statlege myndighetshandlingar frå Finansdepartementet. Det går fram av rundskrivet at «Gebyrplikta er knytt til mottakaren av den offentlege myndighetshandlinga. Mange ulike aktørar – til dømes seljarar, kjøparar, importørar, produsentar, eigarar og brukarar – kan bli pålagde sektoravgifter. Avgiftsplikta kan òg vere knytt til personar som nyt godt av det avgiftsfinansierte tiltaket, men vil ofte ikkje vere det.»

Ettersom marknadstilsyn er med på å verne og dermed oppretthalde tenestene som vert tilbodne i sektoren for elektronisk kommunikasjon, er det først og fremst netteigarar,

tenestetilbydarar og brukarar som nyt godt av reguleringa av utstyrsmarknaden. Vernet omfattar både el-tryggleik og vern av infrastruktur, og hindrar forstyrringar frå radioutstyr. Innehavarar av frekvensløyve nyt òg godt av reguleringa av utstyrsmarknaden, i og med at tilsynet sikrar at radioutstyr som vert nytta i Noreg, utnyttar frekvensspekteret effektivt. Tilsynsaktivitetane er i stor grad knytt til utstyr som vert nytta i eller interfererer med frekvensområde det er gitt frekvensløyve for. Døme på dette er mobilforsterkarar som forstyrrar mobilnetta, DECT-telefonar som forstyrrar UMTS, mobiltelefonar av så dårleg kvalitet at bruken av dei kan føre til ei degradering av mobilnetta, maritimt VHF-utstyr, PMR-utstyr, radioamatørutstyr, jammarar, og trådløst LAN som kan forstyrre vêrradarar.

Ei fordeling av kostnadene ved utstyrsregulering mellom gjeldande § 6 og kapittel III vil etter Samferdselsdepartementet si vurdering ivareta det naudsynte skiljet mellom «gebyr knytt til tilsynet si utføring av forvaltningsoppgåver etter lova, og avgifter som vert vedtekne særskilt i samband med løyve til bruk av frekvens- og nummerressursar», jf. Ot.prp. nr. 58 (2002-2003) kapittel 13.8.3.

Forslaget vil innebere ei effektivisering av gebyrforvaltninga. Nytteverdien for tilbydarar og innehavarar av frekvensløyve kan forsvarast, og dei naudsynte krava til føreseielegheit og transparens vert ivaretekne. Ein vil også kunne fjerne ei registreringsordning som ikkje lenger er føremålstenleg, og dermed effektivisere gebyradministrasjonen.

Etter dette vil det ikkje vere behov for å behalde kapittel IV i gebyrforskrifta som eige forvaltningsområde. Det vert difor foreslått å oppheve gjeldande kapittel IV, og innlemme resten av fråsegnene i kapittel II. I samband med dette vert det vist til at autorisasjonsordninga det vert kravd gebyr etter i gjeldande § 17, er ei særnorsk regulering og tett knytt til å ivareta kvalitet i nett. Gjeldande kapittel V vert foreslått som kapittel IV i ny forskrift.

3.6 Til § 11 – tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste

Etter gjeldande forskrift § 6 skal tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett, elektronisk kommunikasjonsteneste og tilhøyrande fasilitetar betale gebyr til PT. Det samla beløpet som denne gruppa skal betale er beløpet etter § 1 andre ledd nummer 1, etter at det er gjort frådrag for gebyra som følgjer av §§ 3 og 5 i forskrifta.

Tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett, elektronisk kommunikasjonsteneste og tilhøyrande fasilitetar som har ei omsetning over 30 millionar kroner, skal betale gebyr etter ein fordelingsnøkkel som vert bestemt på grunnlag av relevant omsetning. Relevant omsetning er i denne samanhengen *«omsetning i marknaden for elektronisk kommunikasjonsnett- og teneste, mellom anna sluttbrukaromsetning for eksternt sal i konsern eller selskap i marknader for telefoni, leide samband, breiband og kringkasting (unntatt satellittkringkasting), med meir, på eit overordna nivå og geografisk avgrensa til Noreg»*.

Det er behov for å klargjere kven som er gebyrpliktig etter fråsegna, og kva som vert rekna som relevant omsetning. I tillegg må ein vurdere endringar i innslagspunktet på 30 millionar kroner for gebyrplikt.

3.6.1 Tilbydar av tilhøyrande fasilitetar

Gjeldande forskrift § 6 gjeld gebyr som skal betalast av «*tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett, elektronisk kommunikasjonsteneste og tilhøyrande fasilitetar*». Ved lov 14. juni 2013 nr. 54 vart ekomlova endra. I § 1-5 nr. 6 vart omgrepet «tilhøyrande fasilitet» definert som «*fysisk infrastruktur og annen innretning eller element i tilknytning til et elektronisk kommunikasjonsnett og/eller en elektronisk kommunikasjonstjeneste, som muliggjør og/eller støtter eller kan støtte tilbud av elektronisk kommunikasjonstjeneste via slikt nett og/eller tjeneste*». I forarbeida til fråsegna (Prop. 69 L (2012-2013) side 96 vert det gitt døme på kva tilhøyrande fasilitet kan vere. Her nemner ein blant anna bygningar eller tilkomst til bygningar, kabling i bygningar, kummar, kabinett, grøfter, føringsvegar, tårn, master og antenner. Det vert gjort merksam på at lista ikkje er uttømmende.

Tilsynet har i praksis ikkje lagt opp til å krevje inn gebyr berre fordi nokon tilbyr ein tilhøyrande fasilitet. Det vert difor foreslått at ta vekk tilvisinga til tilbydarar av tilhøyrande fasilitet, jf forslaget til § 1 andre ledd nr. 1 og § 11 første ledd.

3.6.2 Relevant omsetning

I utgangspunktet er ordlyden i gjeldande forskrift § 6 vid nok til at all omsetning i marknaden for elektronisk kommunikasjonsnett og -teneste kan takast med. I praksis er derimot relevant omsetning blitt avgrensa til omsetninga som går fram av dømet i fråsegna, dvs. omsetninga i sluttbrukarmarknadene for dei ulike tenestene. Unntak frå dette er omsetninga for produktet leigde liner, der det i praksis har vist seg vanskeleg å skilje omsetninga i sluttbrukarmarknaden frå omsetninga i grossistmarknaden. Når det gjeld omsetning knytt til leigde liner, vert difor all omsetning teken med i utrekninga.

Etter ekomlova § 12-1 kan PT krevje gebyr til dekning av kostnader knytt til forvaltningsoppgåver som følgjer av ekomlova. Tilsynsoppgåvene som tilsynet har, er ikkje avgrensa til tilbydarar som leverer tenestene sine direkte til sluttbrukarar. Det går fram av Samferdselsdepartementet sitt brev av 31. mars 2006 at døma ikkje er meint å skulle fungere som ei avgrensing av kva slags omsetning som skal takast med ved fordelinga av gebyr. Dagens praktisering medfører at eventuelle tilbydarar med omsetning berre frå grossistmarknaden ikkje betalar gebyr (bortsett frå omsetning av leigde liner i grossistmarknaden), samstundes som tilbydarar som berre har sluttbrukaromsetning, finansierer tilsynsoppgåver retta mot tilbydarar i grossistmarknaden. Det vert difor foreslått at gebyra i større grad vert fordelte forholdsmessig mellom alle tilbydarar av elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester som PT har tilsyn med.

Fordelingsnøkkelen vert bestemt på grunnlag av innrapporterte tal, og vil etter gjeldande praksis vere avhengig av om tilbydaren rapporterer omsetninga som sluttbrukar- eller grossistomsetning. Ved å ta med all omsetning i utrekninga unngår ein problem med usikkerheit rundt fordelinga. Når all omsetning vert teken med, vert det dessutan truleg lettare å kontrollere omsetningstala som vert nytta i gebyrutrekninga, ettersom desse enklare kan samanliknast med den finansielle rapporteringa. Det er også grunn til å tru at ein generelt skjerpa kontroll av grossistrapporteringa vil kunne betre grunnlaget for kvalitetssikring av sluttbrukaromsetninga. Fram til 2011 vart omsetning på datakommunikasjon berre rapportert på sluttbrukarnivå. I rapporteringa for 2011 vart rapporteringa splitta til både å gjelde

sluttbrukar- og grossistomsetning. Dette førte til ein vesentleg nedgang i den samla rapporterte sluttbrukaromsetninga for datakommunikasjon samanlikna med tidlegare år. Endringa og det auka fokuset på sluttbrukar- og grossistnivå gav eit rettare bilete av sluttbrukaromsetninga.

I Ot.prp. nr. 58 (2002–2003) er det uttalt at ein i utforminga av gebyrmodell skal leggje vekt på å gjere gebyret minst mogleg konkurransevidande. Ein går ut frå at ein fordelingsnøkkel for utrekning av gebyr vil vere mindre konkurransevidande dersom all omsetning i marknaden vert inkludert, enn dersom ein berre tek med sluttbrukaromsetninga.

Samferdselsdepartementet foreslår difor å fjerne dømet «mellom anna sluttbrukaromsetning» for å tydeleggjere at også omsetning frå grossistmarknaden skal takast med i utrekningsgrunnlaget når ein bestemmer fordelinga av det samla gebyret.

Det går fram av forskrifta at omsetning knytt til kringkasting inngår i relevant omsetning. Derimot er det gjort unntak for omsetning knytt til satellittkringkasting. I praksis vil det seie at omsetning knytt til levering av TV-tenester vert teken med i relevant omsetning når leveringa skjer via breibandstilgang, kabel-TV-nett og digitalt bakkenett, men ikkje når leveringa skjer via satellitt. Samferdselsdepartementet kan ikkje sjå at det er grunnlag for å oppretthalde denne særbehandlinga, og foreslår difor å fjerne unntaket som gjeld satellittkringkasting.

3.6.3 «for eksternt sal i konsern eller selskap»

I utgangspunktet er kvart foretak ein juridisk person og eit eige gebyrsubjekt som skal betale eit gebyr som er utrekna på grunnlag av omsetninga til foretaket. Det følgjer likevel av den gjeldande forskrifta om gebyr til Post- og teletilsynet § 6 andre ledd tredje punktum at «*Relevant omsetning er omsetning i marknaden for elektronisk kommunikasjonsnett- og teneste, mellom anna sluttbrukaromsetning for eksternt sal i konsern eller selskap ...*». Presiseringa inneber at sal til selskap i same konsern eller sal mellom einingar innanfor same foretak ikkje skal reknast som relevant omsetning. Samferdselsdepartementet oppfattar det som naudsynt å vidareføre denne presiseringa, og meiner at ho vert endå viktigare dersom praksisen som tilsynet har hatt no vert lagt om slik at omsetninga på grossistnivå i større grad inngår i relevant omsetning. Presiseringa hindrar at omsetning frå sal av grossistprodukt frå eitt konsernselskap til eit anna i same konsern inngår i relevant omsetning.

Eit konsernforhold er kjenneteikna av at eit selskap har avgjerande makt over eitt eller fleire andre selskap. Konserndefinisjonen i aksjelova § 1–3 og allmennaksjelova § 1–3 føreset at morselskapet er eit norsk aksjeselskap. I utgangspunktet vil konsernomgrepet i aksjelova og allmennaksjelova difor ikkje omfatte tilfelle der eit utanlandsk selskap representerer fleirtalet av røystene. I samanheng med gebyrforskrifta bør ein nytte eit meir vidfemnande konsernomgrep. Omsetning frå sal frå eitt konsernselskap til eit anna i same konsern bør kunne fritakast sjølv om morselskapet ikkje er heimehøyrande i Noreg, dersom salet vert gjort mellom to selskap som begge er heimehøyrande i Noreg.

3.6.4 «på eit overordna nivå»

I gjeldande forskrift § 6 står det at relevant omsetning er omsetning i marknaden for elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester «*på eit overordna nivå*».

Omgrepet «*på eit overordna nivå*» gir lita rettleiing når det gjeld å definere kva som vert rekna som «relevant omsetning».

Etter gjeldande praksis bestemmer ein gebyret forholdsmessig for alle gebyrpliktige tilbydarar ut frå kva part dei har i den samla omsetninga i marknaden for elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester. Det vert ikkje gjort ei oppsplitting av dei ulike delane av marknaden for å vedta eit gebyr som i større grad speglar dei relevante kostnadene PT har i samband med tilsyn med dei ulike delmarknadene. Ei slik tilnærming vil gjere gebyrutrekninga meir ressurskrevjande, og det er ingen grunn til å tru at ei slik gebyrfordeling over tid vil gi eit rettare resultat enn utrekninga ein nyttar per i dag.

Selskapa rapporterer inn omsetningstal som vert lagt til grunn ved fastsetjinga. Informasjonen vert henta inn i samband med tilbydarane si halvårlege innrapportering av tal til bl.a. ekomstatistikken. Tala vert kvalitetssjekka av PT, og skal samsvare med omsetningstala i den finansielle rapporteringa frå selskapa. Etter dagens praksis byggjer tala på dei faktiske omsetningstala i marknaden.

Slik Samferdselsdepartementet ser det er det meir føremålstenleg å knyte omgrepet «*på eit overordna nivå*» til fastsetjinga av sjølve gebyret, enn til fastsetjinga av kva som er relevant omsetning i marknaden. Det bør gå fram av fråsegna at gebyrutrekninga skjer på eit overordna nivå, i den forstand at dei ulike delmarknadene ikkje vert splitta opp ved fastsetjing av gebyr for den einskilte tilbydaren. Ein foreslår difor å flytte omgrepet «*på eit overordna nivå*» til første ledd av fråsegna, slik at det går tydeleg fram at fordelinga av gebyret mellom tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett og -teneste skjer på eit overordna nivå.

3.6.5 «geografisk avgrensa til Noreg»

I gjeldande forskrift § 6 andre ledd siste punktum er relevant omsetning definert som omsetning i marknaden for elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester geografisk avgrensa til Noreg. Dette har blitt tolka som at relevant omsetning er omsetning som foretak heimehøyrande i Noreg har i samband med kommunikasjonsnett i Noreg og elektroniske kommunikasjonstenester som vert nytta i Noreg. Omsetning som foretaka har når kunden oppheld seg i utlandet (internasjonal gjesting), vert dermed ikkje rekna inn under relevant omsetning. I praksis tek ein heller ikkje med omsetning som tilbydarane får ved at sluttbrukarar som er heimehøyrande i andre land, gjestar nettverket til den norske tilbydaren. Dette trass i at det dreier seg om ei teneste som både vert tilboden og nytta i Noreg.

Det er ikkje føremålstenleg at inntekter som norske tilbydarar får gjennom internasjonal gjesting skal ekskluderast frå relevant omsetning. Tilsynet har ei rekkje tilsynsoppgåver knytt til etterleving av regelverket om internasjonal gjesting. Den geografiske avgrensinga bør knyttast til kor vidt tilgangen til nettet eller tenesta *vert tilboden* i Noreg, og ikkje kor vidt kunden oppheld seg innanfor eller utanfor Noregs grenser når tenesta vert nytta.

Når norske sluttbrukarar gjestar eit nettverk i utlandet, vil betalinga frå den norske sluttbrukaren til den utanlandske tilbydaren av gjestingstenesta i praksis skje via den norske tilbydaren som sluttbrukaren har avtale med. Slik Samferdselsdepartementet ser det, vil dette ikkje vere ein del av omsetninga til den norske tilbydaren, og dermed framleis bli ekskludert frå relevant omsetning etter gjeldande § 6 andre ledd.

Ei slik tilnærming vil ifølgje Samferdselsdepartementet vere innanfor ordlyden i forskrifta. Det vert difor ikkje foreslått nokon ny ordlyd på dette punktet.

3.6.6 Omsetning ved distribusjon av TV-innhald

Omsetninga som vert lagt til grunn ved utrekninga av gebyr for tilbydarar av elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester skal vere knytt til områda som PT har tilsyn med, dvs. verksemd som er knytt til elektronisk kommunikasjon og tilhøyrande utstyr. Når det gjeld TV-tenester vert sjølv *distribusjonen* av TV-innhaldet rekna som elektronisk kommunikasjon som fell inn under verkområdet til ekomlova. Ved fastsetjinga av gebyr til PT vert difor omsetning frå sal av TV-tenester (inkludert omsetning knytt til sal av TV-innhald) rekna med i omsetningstala.

Samferdselsdepartementet ser det som prinsipielt uheldig at omsetning knytt til sjølv TV-innhaldet vert teken med i omsetningstala ved gebyrutrekninga. Det følgjer av både ekomlova § 12-1 og gjeldande forskrift § 6 at det er *omsetninga i marknaden for elektronisk kommunikasjonsnett og -teneste* som skal inngå i relevant omsetning. Innhald vert ikkje regulert av ekomlova, og dette tilseier at omsetning knytt til sjølv innhaldet ikkje bør takast med i fastsetjinga av relevant omsetning. Når det gjeld fellesfakturerte tenester, har PT nyleg endra praksis slik at omsetning knytt til innhald ikkje lenger vert rekna som relevant omsetning – nettopp ut frå grunngjevinga om at innhald fell utanfor verkeområdet til ekomlova. Ei tilsvarande endring bør difor gjerast òg for TV-innhald. I samband med distribusjon av TV-innhald er saka derimot meir komplisert. Omsetningstala knytt til distribusjon av TV-innhald er ikkje fordelte på sjølv TV-innhaldet og distribusjonstenesta som er ekomtenesta.

Samferdselsdepartementet har i arbeidet med forslag til ny forskrift vurdert ulike løysingar.

Eitt alternativ kan vere å la TV-distributørane sjølv rapportere kor mykje av omsetninga som er knytt til sjølv innhaldet i tenesta, og kor mykje som er knytt til ekomtenesta. Faren er at distributørane kan freiste redusere gebyrbelastinga ved å gje ei feilaktig framstilling av kor stor del av omsetninga som er relatert til innhald. Det vil vere særskilt vanskeleg for PT å kontrollere kva som er reelle omsetningstal knytt til dei ulike delane av tenesta.

Ei mogleg løysing kan vere å la all omsetning frå TV-distribusjon vere ekskludert frå gebyrutrekninga. Haken med dette er at ein truleg får problem med tilbydarar av triple- og double play-løysingar. Tilbydarane rapporterer allereie i dag tal fordelt på dei ulike produkta i den samansette tenesta, men med dei nemnde løysingane vil det openbert vere fare for at tilbydarane rapporterer ein større del av omsetninga som TV-distribusjon, for på den måten å redusere den delen av omsetninga som skal leggjast til grunn ved gebyrutrekninga.

Ei alternativ løysing er at ein tek med omsetning frå TV-distribusjon i gebyrutrekninga, men at ein i rapporteringa til PT opererer med ei brutto og netto omsetning. Netto omsetning vil då

seie omsetning frå TV-distribusjonen, med frådrag for det distributøren betalar innhaldsleverandøren/kringkastaren. Ein unngår dermed at tilbydarane sjølve kan «flytte» omsetninga mellom dei ulike (delane av) tenestene. Samstundes vil det vere ei overkomeleg oppgåve for PT å kontrollere nettoomsetningstala. Løysinga inneber at eventuelle påslag som TV-distributøren gjer på innhaldsdelen av tenesta, framleis inngår i den relevante omsetninga. Reint prinsipielt kan dette oppfattast som feil, i og med at omsetninga er knytt til TV-innhald, men Samferdselsdepartementet meiner likevel at det er den beste løysinga.

Ei slik omlegging av praksisen vil vere i tråd med forslaget til ny forskriftstekst, og vere meir i samsvar med resten av regelverket. Samferdselsdepartementet ser ikkje behov for å foreslå endringar i forskriftsteksten på dette punktet.

3.6.7 Beløpsgrensa for relevant omsetning

Beløpsgrensa for relevant omsetning har ikkje vore endra sidan forskrifta vart vedteken i 2005. Ein auke i terskelverdien for omsetning vil føre til færre gebyrpliktige selskap, medan ein reduksjon vil føre til fleire gebyrpliktige selskap. I gebyrutrekninga for 2013, der grensa var på 30 millionar kroner, var 51 selskap gebyrpliktige.

Samferdselsdepartementet foreslår å heve beløpsgrensa til 50 millionar kroner. Beløpsgrensa har som nemnt vore uendra sidan 2005. I perioden frå 2005 til 2012 har omsetninga i den norske ekommarknaden auka med 4,5 prosent. Dette skulle tilseie berre ein liten auke i beløpsgrensa, men det vert lagt vekt på at ein auke til 50 millionar kroner vil redusere dei administrative kostnadene ved gebyrordningar. Ein ytterlegare auke vil ikkje ha tilsvarende effekt på dei administrative kostnadene.

Samferdselsdepartementet foreslår at berre omsetning over 50 mill. kroner vert teken med i gebyrutrekninga. Dette medfører at det vert oppretta eit botnfrådrag på 50 mill. kroner for alle som er omfatta av § 11. Ordninga er ny og vil erstatte gjeldande ordning som kan ha insentiv til å halde omsetninga rett under beløpsgrensa, då ein liten inntektsauke som inneber at omsetninga overstig beløpsgrensa, kan vere ulønsam. Dette vert sett på som uheldig. Forslaget med botnfrådrag vil fjerne terskelverknaden av beløpsgrensa.

Tabellen¹ under viser effekten av å endre dagens ordning. Den første rada viser gebyrbeløp for selskapet med høgast gebyrpliktig omsetning (Telenor), medan rad to viser gebyrbeløp for selskapet med lågast gebyrpliktig omsetning. Tabellen syner i tillegg gjennomsnittleg gebyr per selskap, og tal på gebyrpliktige selskap. Kolonne 2 viser tal for dagens ordning (*kursiv*). Kolonne 5 viser tal for den foreslåtte ordninga med eit botnfrådrag på **50 mill. kroner**. Kolonne 3, 4, 6 og 7 viser tal for alternative botnfrådrag på høvesvis 10, 50, 75 og 100 millionar kroner. Gebyret for selskapet med lågast gebyrpliktig omsetning vert i forslaget redusert frå 55 000 til 8 000 kroner. Dei sju største selskapa må betale meir gebyr, medan resten av selskapa betalar mindre.

¹ Gebyrbeløp i 1000 kroner.

Beløpsgrense	30 mill.	10 mill.	30 mill.	50 mill.	75 mill.	100 mill.
Gebyr Telenor	30 515	30 215	31 878	32 724	33 646	34 497
Gebyr selskap med låg omsetning	55	1	1	8	5	1
Gebyr gjennomsnitt	1220	699	1220	1555	1728	2145
Tal på gebyrpliktige selskap	51	89	51	40	36	29
Samla gebyr	62 200	62 200	62 200	62 200	62 200	62 200

4. Merknader til kapittel III

4.1 Til § 12 – innehavar av radioamatørlisens

Etter gjeldande § 7 må innehavarar av radioamatørlisens betale 2000 kroner i eingongsgebyr til PT ved tildeling av kallesignal. Samferdselsdepartementet foreslår å vidareføre gjeldande § 7 i ny forskrift § 12. Eingongsgebyret på kr 2000 kroner vert foreslått vidareført.

PT har starta tildeling av ny kallesignalrekke, og forventar pågang av søknader om endring av kallesignal i tida framover. Det er difor behov for å ta inn gebyr for arbeidet med dette. På bakgrunn av dette vert det foreslått å krevje inn eit eingongsgebyr på 1000 kroner ved tildeling av eigne kallesignal til grupper, klubbar og samskipnader, ved endringar i kallesignal og ved tildeling av eigne kallesignal til mellombelse arrangement (jf. forslaget til nytt andre ledd). Storleiken på gebyret speglar arbeidet PT har med å tildele desse kallesignala.

Det vert foreslått i § 12 tredje ledd at kallesignal til ubemanna stasjonar som til dømes reléstasjonar og radiofyr skal vere gebyrfritt. Eit radiofyr er i radioamatørsamanheng ein ubemanna sendar som opererer kontinuerleg og på fast frekvens. Ein reléstasjon er ein ubemanna mottakar og sendar som vidare sender ein radioforbindelse. Arbeidet PT har med å tildele desse kallesignala, er av lite omfang, og det er difor ikkje grunnlag for å gebyrleggje dei.

Med utgangspunkt i talet på saker i 2013 kan ein rekne med at ny § 12 vil gje ein årleg inntektsauke på 20 000 kroner.

4.2 Til § 13 – Profesjonell Mobil Radio og lågeffektssystem

Gjeldande § 9 første og andre ledd omhandlar utrekninga av gebyr for å ha spektrumsløyve for Profesjonell Mobil Radio (PMR).

Gjeldande § 9 tredje ledd regulerer i tillegg utrekninga av gebyr for å ha sendarløyve for PMR og sendarløyve for lågeffektssystem. Fråsegnen er komplisert, og det har vore vanskeleg for innehavarar og moglege søkjarar å rekne ut gebyret.

Det vert foreslått at gebyr for løyve til bruk av PMR og lågeffektssystem vert regulert i ny § 13. Det vert foreslått å innføre fastpris. Innføring av fastpris er med på å forenkle regelverket, og vil gjere utrekninga av gebyret meir transparent og føreseieleg for kunden.

Etter forslaget til forskrift § 13 første ledd vil gebyret for sendarløyver for PMR utgjere 450 kroner for kvar basestasjon og 150 kroner for kvar mobile stasjon. Det vert foreslått eit eingongsgebyr på 200 kroner for kvar ekstra éin-frekvenskanal til eksisterande løyve. Etter forslaget § 13 andre ledd vil gebyret for sendarløyve for lågeffektssystem utgjere 450 kroner.

Dei foreslåtte endringane vil redusere bolken av gebyr til PT som vert teken inn gjennom PMR-løyve. Bakgrunnen for forslaget om å redusere gebyrlegginga av PMR-løyve er at gebyra på ein betre måte skal spegle dei reelle kostnadene PT har når det gjeld faktisk arbeid med PMR. Kor store utslag dette vil få for innehavarar av PMR-løyve er for tidleg å seie noko om, men dei fleste innehavarar av PMR-sendarløyve kan rekne med lågare gebyr dersom det vert innført fastgebyr.

4.3 Til § 14 – frekvensband planlagt for kringkastingstenester

Gjeldande forskrift § 10 omfattar i praksis analoge kringkastingssendarar. Digitale kringkastingssendarar vert i all hovudsak rekna inn under kategorien spektrumsløyve, og vert rekna ut på grunnlag av gjeldande § 12.

Gebyr for sendarløyve består i dag av eit fast ledd, og eit variabelt ledd for kvar sendar. Fastleddet er avhengig av om det dreier seg om eit riksnett eller lokalnett. Gebyret for sendarane vert per i dag bestemt ut frå tal og vekting. Vektinga er avhengig av tre faktorar:

- kva frekvensband sendarane tilhøyrrer (over eller under 30 MHz)
- kva effekt sendarane har
- kva slags nett sendarane tilhøyrrer (riks- eller lokalnett)

Etter forslaget til ny § 14 om gebyr for sendarløyve i frekvensband planlagt for kringkastingstenester beheld ein fastledda på 500 000 kroner for kvart riksnett og 2000 kroner for kvart lokalnett. Det vert dernest foreslått å gå over til fastpris per sendar, der fastprisen er avhengig av effekt, kva frekvensband sendarane tilhøyrrer og kva nett dei høyrer inn under (jf. forslaget til tabell). Sendarane vert, på same måte som i den gjeldande ordninga, delte inn i riksdekkjande kringkastingsnett og andre kringkastingsnett, og frekvensband under 30 MHz og frå og med 30 MHz. Medan ein i gjeldande forskrift estimerer prisen for kvart år ut frå talet på sendarar i kvar kategori, foreslår ein no å setje ein fast pris for kvar av kategoriane. Innføring av fastpris vil vere med på å forenkle regelverket og gjere det enklare for kunden å rekne ut eige gebyr. Fastprisane er baserte på gebyra for 2013, og speglar soleis storleiken på 2013-gebyra. Det blir vist til tabellen med dei foreslåtte fastbeløpa i forslaget til forskrift § 14.

4.4 Til § 15 – andre sendarløyve

Forslaget til ny § 15 gjeld andre sendarløyve enn sendarløyve til PMR, lågeffektssystem og løyve til kringkastingstenester, jf. forslaget i § 15 første ledd. Det vil typisk omfatte sendarløyve til telemetrisystem, jordstasjonar og radarar.

Gjeldande modell med vekting ved gebyrutrekningane for sendarløyve vert foreslått erstatta med faste prisar. Det har vore vanskeleg for innehavarar og moglege søkjarar å rekne ut

gebyret for løyve. Innføring av fastpris er med på å forenkle regelverket og vil gjere det enklare for kunden å rekne ut eige gebyr.

I samsvar med det andre leddet vert det foreslått å gå over til faste prisar for jordstasjonsløyve. Forslaget inneber ein marginal auke av gebyra på mindre enn 100 kroner for kvart frekvensband jordstasjonen kommuniserer i.

Etter forslaget i § 15 tredje ledd vert satsane for telemetrisystem med effekt over 0,5 W nedjusterte frå 589 kroner til 450 kroner, slik at dei vert like andre tilsvarende frekvensband og bandbreidder. Gebyret for andre sendarar med effekt under 0,5 W går då opp frå 368 kroner til 450 kroner. Dersom dette vert gjennomført, vil dei totale gebyrinntektene frå denne kategorien bli på omtrent same nivå som i dag.

I forslaget til § 15 fjerde ledd vert det foreslått gebyr i form av ulike fastprisar på sendarløyve i dei ulike frekvensområda. Samstundes vert det foreslått å endre nokre av frekvensområda i den gjeldande tabellen. Etter forslaget i tabellen vert skiljet for frekvensområda for gebyrsatsane soleis endra frå 4 GHz til 5,15 GHz og frå 9 GHz til 8,5 GHz. Sistnemnde forslag til endring skuldast at frekvensbandet 8,5–9 GHz er allokert berre til radar² og det difor ikkje er naturleg at skiljet går ved 9 GHz. Det høgaste frekvensområdet vil starte ved 57 GHz, og ein foreslår at denne satsen skal vere lik uansett bandbreidde. Gebyret for løyve til stasjonar for forskingsføremål, som i gjeldande forskrift er regulert i § 11 tredje ledd, vil etter forslaget gå ned noko som følgje av at slike løyve vil inngå i tabellen i forslaget til § 15 fjerde ledd.

I samsvar med forslaget § 15 femte ledd vert sendarar som nyttar MIMO-teknologi fritekne for årsgebyr dersom det allereie vert betalt årsgebyr for dei same stasjonane med same frekvens, polarisasjon og bandbreidde. MIMO er ein teknologi som fordeler utstrålt effekt over fleire antenner for å overføre større datamengder. Det vert ikkje rekna som naudsynt å ta inn ytterlegare gebyr for førenemnde, då tildeling av løyve til MIMO-teknologi berre utgjer ei marginal ressursbelastning for PT.

Når det gjeld sendeløyve for ekomnett på skip, slår gjeldande § 11 andre ledd fast at innehavar av sendarløyve for offentleg elektronisk kommunikasjonsnett på skip skal betale årleg gebyr for kvart løyve med 5000 kroner pluss 2000 kroner per skip løyvet gjeld for. I samband med den pågåande revisjonen av forskrift 19. januar 2012 nr. 77 om generelle løyve til bruk av frekvensar (fribruksforskrifta), arbeider PT med å leggje fram eit forslag som inneber at frekvensane ein per i dag gir som individuelt løyve vert tekne inn i fribruksforskrifta. Dersom forslaget vert vedteke og frekvensane i framtida vert gjevne i eit generelt løyve, vil slik frekvensbruk vere gebyrfri. Det vert difor ikkje foreslått å vidareføre gjeldande § 11 andre ledd. Det er per i dag berre gjeve eitt løyve som vert påverka av forslaget, og for denne innehavaren vil forslaget til endring i gebyr utgjere ca. 15 000 kroner.

4.5 Til § 16 – spektrumsløyve

Gjeldande § 12 bestemmer korleis gebyr for spektrumsløyve skal reknast ut.

Dagens gebyrmodell skil mellom spektrumsløyve for Profesjonell Mobil Radio (PMR), jf. gjeldande § 9, og andre spektrumsløyve, jf. gjeldande § 12. Etter forslaget vil gebyr for PMR-spektrumsløyve bli teke med i forslaget til § 16, slik at gebyrmodellen for spektrumsløyve blir

² ITU Radio Regulations Article 5

meir teknologinøytral. Som følgje av dette vil gjeldande § 9 første ledd falle vekk. Det er grunn til å tru at dei foreslåtte endringane vil medføre ein nedgang i gebyr for dei fleste innehavarane av PMR-spektrumsløyve. Nøyaktig kor store gebyra vert er vanskeleg å seie noko sikkert om enno.

I samsvar med forslag til § 16 første ledd vil samla gebyr for spektrumsløyve vere beløpet etter § 1 andre ledd nummer 2, minus gebyr etter §§ 12 til 15 og 17.

Forslaget til § 16 andre ledd er ei vidareføring av gjeldande § 12 andre ledd. Etter forslaget skal 20 prosent av beløpet etter § 16 første ledd fordelast mellom innehavarane av spektrumsløyve med eit fastledd for kvar samanhengande frekvensblokk som vert disponert som spektrumsløyve. Det skal også betalast gebyr etter tredje ledd.

Forslaget til § 16 tredje ledd er i stor grad ei vidareføring av gjeldande § 12 tredje ledd, men det vert foreslått justeringar i tabellen som bestemmer vektinga av kvart enkelt frekvensband. I tillegg vert det teke inn fråsegner om nedskalering av gebyra for spektrumsløyve som gjeld på Svalbard og offshore. Nedskaleringa vert teken inn for å tilpasse storleiken på gebyra ut frå arbeidet PT har med det enkelte løyvet, då den gjeldande nedskaleringsfråsegna basert på folkesetnaden i dei aktuelle områda ikkje passar for Svalbard og offshore.

Tabellen i forslaget til § 16 tredje ledd inneheld vekting for dei enkelte frekvensbanda. Frekvensband som ikkje er nemnde i tabellen, har vekt 1. Ut frå forslaget om å rekne ut gebyr for spektrumsløyve for PMR etter § 16, vert frekvensbanda 137–174 MHz og 400–470 MHz foreslått tekne inn i tabellen med ei vekt på høvesvis 4 og 6. Det vert foreslått å inkludere frekvensbandet 791–862 MHz i tabellen på lik linje med andre band for offentleg mobilkommunikasjon. Vektinga av mobilbanda vert gjort slik at gebyret blir tilnærma likt per disponert bandbreidde (kroner per MHz). Delbanda 1900–1920 MHz og 1785–1805 MHz vert foreslått fjerna frå tabellen. 1900–1920 MHz er ikkje lenger ein del av løyva som vert utferda for offentleg mobilkommunikasjon, og er i augneblinken gjenstand for internasjonalt harmoniseringsarbeid. 1785–1805 MHz vil ikkje lenger bli tildelte som spektrumsløyve, og vart i 2012 tekne inn i fribruksforskrifta § 14.

4. Økonomiske og administrative konsekvensar

Oppheving av gebyret for leverandørar og radioforhandlarar vil som nemnt over innebære ei effektivisering av gebyrforvaltninga. Den foreslåtte endringa gjer det dessutan mogleg å oppheve registreringsforskrifta. Administrativt vil dette fjerne ressursforbruket til oppgåver knytt til tilsyn med registreringsplikta, vedlikehald av IT-system, saksbehandling og betalingsoppfølging.

Endringa medfører ein auke i gebyra for tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett og -teneste, og subjekt som betalar gebyr for frekvensløyve. Dette vil ikkje innebære administrative konsekvensar for PT. For leverandørar og radioforhandlarar inneber endringa at plikta til betaling av gebyr fell vekk.

Endringane som vert foreslått i gjeldande forskrift § 6, vil føre til at det vert færre gebyrsubjekt, og reduserer soleis det administrative arbeidet knytt til innkrevjing av gebyr. Endringane vil dessutan føre til noko meir kontrollarbeid ved at tilbydarane i større grad skal rapportere grossistomsetning. På den andre sida går ein ut frå at auka grossistrapportering vil lette kontrollen av sluttbrukaromsetninga. Det inneber at endringa totalt sett vil føre til ein

særs avgrensa auke i kontrollarbeidet, og betre kvalitet på rapporteringa i sluttbrukarmarknaden. Auken i kontrollarbeid vil ikkje medføre behov for auka bemanning.

Konsekvensen av endringane for tilbydarane er at færre tilbydarar vert gebyrpliktige. Samstundes vil dei gebyrpliktige tilbydarane få høgare gebyr. Rapporteringsplikta aukar noko ettersom grossistomsetninga også skal rapporterast.